

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap om novella som sjanger • Kjenneteikn til noveller
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Reading, writing and speaking about the English-speaking world (The USA, Jamaica, Canada) • Reading writing and speaking about the U.S election • Using pronouns
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Finna omkrins av parallellogram og trapes • Bruka Pytagoras-setninga til å finna ukjende sider
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Beskrive ulike trekk ved valgsystemet i USA, kunne sei noko om presidentkandidatane og reflektera over utfordringar i det amerikanske samfunnet i dag
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendommen slik det vert formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet. • Bli kjent med og vurdera ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne. • Kunna forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet • Utforska etiske idear knytta til forteljingane om Jesus og evangelia
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdera sikkerheitstiltaka som er knytt til forsøka • Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsamanbindingar og salt • Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunna avgjera om ei reaksjonslikning er balansert
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna bruke tysk munnleg og skriftleg • Repetisjon av verbbyøying, setningsanalyse og kasus • Kunna handla og beskriva mat og ting
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på og vera med på varierte bevegelses(rørsle)aktivitetar aleine og saman med andre. • Anerkjenna ulikskapane mellom deg sjølv og andre i bevegelsesaktiviteter, inkludera alle, samarbeida og oppmuntra andre medelevar. • TEMA: Baketball og fotball
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne bruke Garageband til å laga filmmusikk.
M&H	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva god hygiene er <p>Me skal laga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I veke 44 skal me lage lapskaus, wok og tilslørte bondepiker. • I veke 45 skal me lage wraps med laks og couscous, suppe med kylling og kokosmjølk, blåbærpai og bollar. Du må ha innesko, reint forklede og hårstrikk (om du treng det).

Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forklede og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Veke 45: Alle møter i klasserommet. Alle skal presentera eigenturen.
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Lino-trykk, kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale

INFORMASJON TIL HEIMEN

Foreldremøte 9.trinn

Minner om foreldremøte med Sterk & klar i kantina onsdag 6.november kl 18.00-19.30.

Utviklingssamtalar

Dokke får innkalling til utviklingssamtale med kontaktlærer i løpet av november. Eleven skal vera med på samtalen. Det er forventa at dokke på førehand har vore inne på Foreldreportalen i Visma Flyt skole og lese framovermeldingane i dei ulike faga.

Tannhelse

Fredag 8.november får me besøk av tannpleiar som skal ha eit undervisningsopplegg om tannhelse. Dette dekker nokre av kompetansemåla i mat og helse.

Elevundersøkinga

I dei komande vekene skal me gjennomføra elevundersøkinga på heile skulen. Me bruker svara på undersøkinga til å jobba målretta med skulemiljøet og trivselen til elevane. Det er frivillig å svara på elevundersøkinga, men me ønsker helst at alle deltek, og svarer ærleg og så godt dei kan, slik at me har mest muleg rett informasjon når me skal jobba vidare med dette.

Elevbedriftsmesse

Elevane er i full gang med produksjon og sal av varer og tenester i elevbedriftene sine. Onsdag 13.november arrangerer me ei messe i gymsalen kor bedriftene får vist fram produkta sine. Det blir anledning til å kjøpa varer frå dei som har noko att å selje, og det blir prisutdeling frå Ungt Entreprenørskap. Me håper foreldre, søsken og besteforeldre tar turen innom og ser mellom kl 17.00 og 18.30.

Innsamlingsaksjon Hei verden

Skulen samlar kvar haust inn pengar til Hei verden sine bistandsprosjekt rundt om i verda, og i år har me valgt å støtta prosjekta dei har i Zambia.

9.trinn skal ha bøsseinnsamling, og alle elevane på trinnet må halde av onsdag 27.november kl 17:30- ca 19:00. Det er obligatorisk oppmøte, og elevane får avspasera denne tida seinare. Meir informasjon kjem når det nærmar seg.

Helsing oss på 9.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
45	Norsk: reklamefilm og pitch til elevbedrifta
46	Begrepstest i matematikk (siste matematikktimen i veka)

HEIMEARBEID VEKE 45	
Norsk	Les i minimum 20 minuttar i leseboka di. Lesinga skal skrivast inn i leseloggen. Elevane må gjera seg ferdig med reklamefilmen/pitch slik at dei er klar til å vurderast i løpet av veke 45.
Engelsk	Work with the text: Multicultural societies , Read an illustration: Immigration to the USA
Matematikk	Parallelogram og trapes Oppgåveboka s. 61 - 65 oppg. 2.145, 2.146, 2.147, 2.148 og 2.150
Samfunnsfag	Elevbedrift
KRLE	Les s. 162-167. Svar på oppgåve 1-9 s. 169. A-klassen skal skrive svara inn i skriveboka si.
Naturfag	Sama heimearbeid som veke 44: Les i Solaris 9 s. 44 – 47, eller høyr på aunivers. Solaris 9 s. 44-47, " Egenskapar til kjemiske sambindingar – Ikkje metall " Svar på "Kva las du no?" s. 47. Hugs å svare med heil setning.
Tysk	ON-Heimearbeid-Woche 45
Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	<p>Les i minimum 20 minuttar i leseboka di. Lesinga skal skrivast inn i leseloggen.</p> <p>Les teksten "Kva er ei novelle: novella blir fødd". Teksten ligg på ON.</p> <p>Svar på oppgåvene i skriveboka di: 1) Kva er ei novelle? 2) Kor stammar novella frå? 3) Kva kan ei novelle handla om? 4) Kva slags fordelar har novella samanlikna med annan måte å fortelja på? 5) Korleis kan du skrive ei god novelle? 6) Korleis kan novella hjelpe oss til å forstå verda betre? 7) Korleis er novelle relevant i dag?</p> <p>Hugs at du må lesa HEILE teksten FØR du svarar på oppgåvene. Svar med fullstendige setningar.</p>
Engelsk	<p>Practice pronunciation: Practice Your Pronunciation of English - Aschehoug univers</p> <p>Reflect and write: What are the easiest sounds for you to say? What are the hardest sounds for you to say?</p>
Matematikk	<p>Øv på omgrep, omgrepa ligg på OneNote, innhaldsbiblioteket. Fyll inn i tokolonnotatet, forklar omgrepa med eigne ord. Omgrepstest i siste matematikktime denne veka.</p>
Samfunnsfag	Førebu stand til elevbedriftsmessa
KRLE	Lag ei tidslinje over historiene i Lukasevangeliet. Historiene finn du frå s. 141-167. Fortel om att historiene med eigne ord. Det er ikkje nødvendig med årstal i tidslinja, men du MÅ ha ein tittel. Her kan du gjerne ta utgangspunkt i titlane i KRLE-boka.
Naturfag	Forklar desse omgrepa med eigne ord: syre og sur løysning, base og basisk løysning, pH og pH-indikator. Du finn forklaringa i Solaris 9 s. 48 – 51. Hugs å svara med heile setningar.
Tysk	ON-Heimearbeid-Woche 46. Leksesjekk på torsdag
Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med.